

# Referat frå Årsmøtet i Myrkdalen Grendalag 28. mai 2015

8 personar var til stades.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend!

Rekneskapen vart samrøystes godkjend, siste året med eit underskot. Men framleis har laget ein del uteståande krav.

Under ymseposten orienterte Per Backer om drifta av heimesida. Han refererte m.a. om ei spørjeundersøking som han hadde utført om drifta av/synet på heimesida. Mange nyttige synspunkt kom fram i undersøkinga. Er det ein tanke å laga ei spørjeundersøking om skulebygget?

Ein del synspunkt kom og fram om organiseringa av trimboksane og registreringa. Viktig at folk kjem seg ut og vert motiverte til å vitja postane, særleg i år som det er friluftslivets år.

Postane vil verta sette ut etter kvart som snøen tinar. Det vert gjeve melding på nettsida når postane er klare.

Postane i år skal vera på desse stadane: Blåegga – Såta – Gråsteinane – Oterheim – Mørkvestølen – Stien forbi Presthaugen - Strandalia

Valet gav dette resultatet: Gudmund Furu, Arne Bystøl og Sigrid Skjervheim hadde sagt frå seg, som nye kom inn Stig Erlend Jordalen, Heine Berland og Katrine Hauso. Frå før står Anne Lise Ulvund og Ole Kristian Årnot.

Varafolk: Kristian Backer og Lars O. Sausjord.

Valnemnd: Bjørn Atle Nesheim. Ein person vert vald seinare.

Revisor: Brita Tveite hadde sagt frå seg, ny vart Gudmund Furu

Takk til dei som gjekk ut av styret og særleg takk til Sigrid for kaffi og bollar.

Ref:

Gudmund F.